

Årsmelding for Kviteseid misjonsmenighet 2015

2015 har vore eit år med stor aktivitet på Betel, og det var året då forsamlinga fylte 75 år. Det blei markert med ei jubileumssamling 25. oktober. Trass at mange inviterte gjestar måtte seie nei, blei lokalet heilt fullt. Eilif Tveit heldt ein tankevekkande tale der vi fikk kjenne på at vi står i eit historisk fellesskap med eit klart misjonsoppdrag. Gunhild Bentsen heldt ein god og informativ historisk gjennomgang av Betels virke og plass i bygda. Desse innslaga gav inspirasjon og frimod samtidig som vi kjenner oss audmjuke i forhold til dei som har gått føre. Til middag blei det servert lapskaus, og under kaffien og ei uendeleg mengde med kaker fikk vi fleire oppmuntrande og tankevekkande helsingar. Det blei ein flott og minnerik dag!

Det nye året starta med eit felles bønemøte saman med dei andre forsamlingane i bygda 14. januar. I løpet av året blei det mange slike felles møtepunkt: Bibelmøte på Kvitsund 29. januar med Hans Johan Sagrusten frå Bibelselskapet og biskop Pavly fra den koptiske kyrkja i Egypt. Familiemøte på Misjonshuset 25. januar. Kvinnenens internasjonale bønedag på Misjonshuset og fellesmøte på Fredheim ved Nils Kåre Strøm i mars. 27. september var det songmøte på Sundvang. 15. november felles bønemøte her på Betel. Den tradisjonsrike adventskonserten i kyrkja blei halden 13. desember og 27. desember var det joletreffest på Sundvang for femte år på rad. Vi set stor pris på samarbeidet vi har med dei andre kristne i bygda. Det er godt å kunne samlast innimellom og kjenne på fellesskap og bli utfordra og inspirerte saman til teneste for kvarandre, andre medmenneske og Gud. Det største samarbeidsprosjektet var likevel Godhetsveka 4-10. mai. Gjennom ei heil veke fikk dei som var med stå til teneste i små og store oppgåver som var melde inn av bygdefolk på førehand. Alle som var med, rapporterte at dette var veldig meningsfullt. Veka blei avslutta med ei fin gudsteneste i bryggeparken. Opplegget fungerte så bra at det blir ei ny tilsvarande veke i 2016.

Samarbeidet om Fredagsklubben saman med Fredheim heldt fram også i 2015. Fleire frå Betel har vore engasjerte både som praktiske hjelparar og i komiteen.

Av eigne møte hadde vi 14 sundagstrefff. Desse møta er saman med bønemøta på onsdag hovudmøta på Betel. Når det gjeld bønemøta, er det plass til mange fleire. Sundagstreffa har jamt over eit godt oppmøte, og det har vore spesielt fint dei gongane både store og små har fått dele nattverdfellesskap saman. Elles blei det halde eitt bøn- og vitnemøte, eitt nattverdmøte, ei adventssamling, den tradisjonsrike påskefrukosten, sommaravslutning og eit jolemøte der Gunstein Draugedalen song så dei truleg høyrde det borte i byen.

Talarar på møta har vore: Jan Danielsen, Johan Hammerich, Malin Malmgren Johannessen, Solveig Tuft Johannessen, John David Wikstøl, Karl Fredrik Kittilsen, Janna Nordgaard, Jarle Råmundal, Hallvard Jørgensen, Eilif Tveit, Amund Rannestand, Øyvind Haraldseid og Gunstein Draugedalen.

30. august hadde vi eit menighetsmøte med temaet engasjement, identitet og tilhøyrslse. Etter ei innleiing arbeidde dei som var tilstades i grupper der dei skulle kome fram til tre ting som er bra med Betel og tre ting som kan bli betre eller annleis. Mange deltok i plenumssamtalen etterpå, og styret fikk mange gode impulsar for det vidare arbeidet.

I juni var det innsamling av klede til Ukraina/Moldova og i september starta Janna og Tor-Bjørn Nordgaard opp husgruppe i Seljord.

Elles gler vi oss over at huset kan brukast også til andre arrangement enn møte. Andrea Grutle hadde konfirmasjonen sin på Betel i mai, og i april leigde eit brudefølge huset til ventekaffe.

Huset har i 2015 fått rullestolrampe på utsida og eit nytt vindauge og nye vindskibord i austgavlen. På innsida har det kome nye gardin, ny talarstol og minglebord. Sommaren 2015 fikk vi også eit piano til kjellaren av Gunn Horne.

To som tilhørte menigheten døydde i 2015. Det var Bjørn Tormodsvik og Arthur Haugen. Ingulf Diesen, som har betydd mykje for mange og for menigheten, døydde også i 2015.

Etter årsmøtet 15. februar fikk Betel eit fungerande styre sjølv om vi framleis manglar ein formell leiar og er ein for lite. Det er halde 7 styremøte, og vi håpar og trur at menigheten opplever at styret har eit leiarskap i det som skjer.

Vi er takksame for alle som har tilknytting til Betel og bidrar med stort og smått i det som vi ser på som eit viktig arbeid i Guds rike. Vi vil spesielt takke dei som bidrar med vask, rydding, barneandaktar, kveldsmat, speling, leiing, kasserarrolle, vaktmeisterfunksjonar og andre konkrete, praktiske oppgåver og prosjekt. Betel er og skal vere ein plass for alle med dei gåvene vi har!